

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	19.09.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/82700-2
<b>Dykkar referanse</b>	22/6364
<b>Sakshandsamar</b>	Sigrun Wølstad
<b>E-post</b>	Sigrun.Wolstad@vlfk.no
<b>Telefon</b>	96944535

## Kulturminnefagleg fråsegn - landbruksveg - gnr. 56 bnr. 12 - Hundvin - Alver kommune

Vi viser til brev datert 02.09.2022 i samband med søknad om bygging av landbruksveg på gnr. 56, bnr. 12 i Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at traseen kjem i direkte konflikt med kjente automatisk freda kulturminne. Sør-aust for det omsøkte tiltaket på innmarka til bnr. 17 og bnr. 12, er det registrert tre gravminne (Askeladden id. 144950, 144952 og 144953) sjå figur 1, men potensialet for funn av automatisk freda kulturminne i det aktuelle området vart likevel vurdert å vera lågt. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Det er allereie tatt ut skog på store delar av bnr. 12, sjå figur 1.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.



Figur 1. Hogstområde, gravminne er vist med rune-R

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KII - Arealplan (Førde)

**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KII - Arealplan (Førde)

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*